



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
03.12.2013
DYKKAR DATO
04.11.2013
VÅR SAKSHANDSAMAR
Edvard Klette tlf 958 14 771

VÅR REFERANSE
2013/36658 256254/2013
DYKKAR REFERANSE
Helgesen Tekniske-bygg AS

07-April-2014

Vaage Karosseri AS
Eikangervåg
5913 EIKANGERVÅG

MOTTATT
06 DES. 2013

KOPI

VI VISER TIL SØKNAD OM SAMTYKKE TIL PLANAR FOR TILBYGG TIL EKSISTERANDE ARBEIDSLOKALE

VEDTAK OM SAMTYKKE TIL OMSØKTE PLANAR PÅ VILKÅR OG VEDTAK OM GEBYR, JF. ARBEIDSMILJØLOVA § 18-9 (1)

Vi viser til søknad frå Helgesen Tekniske-bygg AS datert 05.11.13 om samtykke til planar for tilbygg til eksisterande arbeidslokale i Eikangervåg i Lindås kommune, gnr. 214, bnr. 119.

Jf. arbeidsmiljølova § 18-9 (1).

I søknaden vert det opplyst at plan 1 i tilbygget skal gje tilleggsareal til eksisterande arbeidslokale med bensinstasjon og verkstadbygg med til saman 15 tilsette, jf. opplysningar i søknaden.

Vi har merka oss at det er planlagd med personaltoalett, spiserom og vaskerom i plan 1 med personalgarderobe og personaltoalett i eksisterande plan 2. Tilkomst til plan 2 er ikkje lagd til rette for yrkeshemma arbeidstakarar.

I tilbygget sin 2. etasje er det planlagd sjølvstendig utleigedel med kontorarbeidsplasser. Til denne delen er det lagd til rette med eigen tilkomst direkte frå terreng/parkeringsplass.

For orden skuld viser vi til søknad om samtykke til planar for påbygg motteke juni 2011, jf. vårt referanse nr. 11/15176. Samtykke vart gjeve på vilkår i 4 punkt datert 12.09.11. Vilkåra punkt 1, 2 og 3 i dette vedtaket vart seinare klaga på av tiltakshavar. Det vart sendt vedtak i klagesak datert 23.08.12 der tiltakshavar fekk medhald i klage vedkomande punkt 3 medan punkt 1 og 2 ikkje fekk medhald.

Vilkåra i punkt 1 og 2 var:

- krav om tilkomst for yrkeshemma arbeidstakarar til plan 2
- krav om at det vart lagd til rette med rom for reiskap/bøttekott i plan 2

Vidare viser vi til telefonsamtale med ansvarleg søkjar den 02.12.13 der vi stilte nokre avklarande spørsmål knytt til saka.

Vi fekk m.a. opplyst at dei omsøkte planane frå 2011 ikkje er realiserte.

Følgjande dokument er motteke:

- Søknad om samtykke med opplysningsskjema, ymse anna informasjon og dokumentasjon, situasjonsplan, perspektiv, fasade-, snitt- og planteikningar.



Vi beheld dokumenta.

Vedtak om samtykke på vilkår

Med bakgrunn i opplysningar i søknaden og med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 (1) gjev vi samtykke til planane på følgjande vilkår, jf. arbeidsmiljølova § 18-6, sjette ledd.

Vilkår knytt til bensinstasjon og verkstad.

1.

Arbeidstilsynet krev ventilasjon i dei nye arbeidslokala. Det må difor lagast ventilasjonsplanar. For å etterkoma funksjonskrava gjevne i høve til arbeidsmiljølova § 4-4 (1) vil det normalt vera naudsynt med balansert mekanisk ventilasjon.

Planane for ventilasjon med teikningar og dokumentasjon etter sjekklister i tinging nr. 444 skal sendast til Arbeidstilsynet snarast mogleg og i god tid før arbeidet tek til.

Jf. arbeidsmiljølova §§ 4-4 (1) og 18-9.

2.

Det skal leggjast til rette med personalgarderobar både for kvinner og menn. Areal skal stå i høve til tall tilsette.

Jf. § 3-4 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

3.

Arbeidstakar som er utsett for skit og/eller støv i arbeidet bør ha eigen hengeplass for privat tøy og arbeids tøy. Arbeidstakar som arbeider med stoff som er giftige eller helsefarlege og som avset lukt o. l. i tøy bør ha eigen garderobar for privat tøy og arbeids tøy med vaskerom i høveleg tilknytning til desse.

Jf. § 3-4 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

4.

Det skal leggjast til rette med vaskerom knytt til personalgarderobar.

Vaskeroma kan vera kombinert med garderobane. Normalt skal vaskeroma ha handvask med varmt og kaldt vatn. Dersom arbeidstilhøva, etter ei samla vurdering tilseier det, skal det leggjast til rette med dusj i tillegg.

Jf. § 3-6 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

5.

Garderobane skal i tillegg til vask med varmt og kaldt vatn utstyrt med sitjebenk, spegel og låsbare garderobeskap. Jf. §§ 3-4 og 3-6 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

6.

Arbeidslokale og personalrom skal leggjast til rette for yrkeshemma arbeidstakarar.

Det betyr at det skal leggjast til rette med tilkomst for yrkeshemma arbeidstakarar til plan 2. Normalt vil dette innebera montering av heis.



Jf. arbeidsmiljølova § 4-1 (5) og § 2-4 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

8.

De skal leggjast til rette rom for reiskap ("bøttekott") i plan 2.

Romet skal vera dimensjonert og ha utstyr i samsvar med den planlagde reinhaldsmetoden.

Reiskapsromet skal normalt ha utslagsvask med kaldt og varmt vatn og vera utforma og montert slik at tømning og fylling av til dømes bøtter kan skje utan uheldig belastning for den som har reinhaldet. Jf. arbeidsmiljølova § 4-4 (1) og (2) og § 3-8 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

Vilkår knytt til utleigedel i tilbygg plan 2

9.

Arbeidstilsynet krev ventilasjon i dei nye arbeidslokala. Det må difor lagast ventilasjonsplanar. For å etterkoma funksjonskrava gjevne i høve til arbeidsmiljølova § 4-4 (1) vil det normalt vera naudsynt med balansert mekanisk ventilasjon.

Planane for ventilasjon med teikningar og dokumentasjon etter sjekklister i tinging nr. 444 skal sendast til Arbeidstilsynet snarast mogleg og i god tid før arbeidet tek til.

Jf. arbeidsmiljølova §§ 4-4 (1) og 18-9.

10.

Det skal leggjast til rette med personalgarderobe. Arealet skal stå i høve til tall tilsette. Jf. § 3-4 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

11.

Det skal leggjast til rette med vaskerom knytt til personalgarderobe.

Vaskeroma kan vera kombinert med garderobane. Normalt skal vaskeroma ha handvask med varmt og kaldt vatn.

Jf. § 3-6 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

12.

Garderobane skal i tillegg til vask med varmt og kaldt vatn utstyrast med sitjebenk, spegel og låsbare garderobeskap. Jf. §§ 3-4 og 3-6 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

13.

Arbeidslokale og personalrom skal leggjast til rette for yrkeshemma arbeidstakarar.

Jf. arbeidsmiljølova § 4-1 (5) og § 2-4 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".



Vedtak om innbetaling av gebyr

I fylgje forskrift til arbeidsmiljølova om gebyr for byggesaksbehandling, jf. § 9-1 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler" skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd.

Kor store gebyrsatsane vert, kjem an på kva type tiltak og storleiken på tiltaket. Sjå vedlegg.

Etter opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori **3b** og sett gebyret til kr. 7.500,-.

Gebyret for saksbehandlinga skal betalast av tiltakshavar. Faktura vert sendt i eiga sending. Dersom gebyret ikkje vert betalt av tiltakshavar innan betalingsfristen, vil vi tvangsinn drive gebyret med tillegg av kostnader.

Vi ber om at det vert vist til vår referanse 2013/36658 ved seinare kontakt eller korrespondanse i denne saka.

For ordens skuld vil vi opplysa om at kommunen ikkje har høve til å gje løyve til igangsetjing av tiltaket før Arbeidstilsynet har gjeve samtykke til planane, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

De kan finne meir opplysningar om arbeidsmiljø og aktuelle reglar på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no.

Partane kan klage på vedtaka, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå dette brevet er motteke. Direktoratet for arbeidstilsynet er klageinstans. Klagen skal sendast til Arbeidstilsynet Vestlandet. For nærare framgangsmåte ved klage, viser vi til orienteringa som er lagt ved.

For Arbeidstilsynet Vestlandet

Marita Scott
tilsynsleiar
(sign.)

Edvard Klette
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjend elektronisk i Arbeidstilsynet og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ansvarleg søkjar, Helgesen
Tekniske-bygg AS
Lindås kommune, Areal og
miljøavdelinga/byggesak

5281 VALESTRANDSFOSSEN
Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

Vedlegg: Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak
Gebyrorientering